

HÅTJØRN

Høgdemeter over havet: 700 moh.

Lengde: ca 1 km ein veg.

Tid: 0,5-time ein veg.

Gradering: Dette er ein lett tur som passar for alle.

Vegskildring: Frå Kjerlandskrysset i Granvin ta av på Åsingavegen (lokalveg) over Kollanesbrua ved Tueteigen barnehage. Langs Åsingavegen er det skilta til Olastøl, følg skilta fram til Havås. Fortsett på Bomveg (kr 60.-) til parkering på «høgda». Frå Havås køyrer du Krokavassvegen opp til høgda.

Stien startar på nordsida av vegen. (pil på kart) Sjå og skilttavle og skilting på sjølve «høgda» ved start.

Du går i starten over fleire flate parti med myr og det er lagt ut nokre stegar som ein kan gå på. Følg raudmerka sti til Håtjørn, gå på austsida av tjørnet om du vil gå vidare. Denne turen er lett og fin og det er fantastisk utsikt mot vatnet og Nesheimshorgi med ein gong du kjem opp dei små stigningane som finst på denne ruta.

Turkassa heng på ei stor gran.

Du vil no få ei utruleg flott utsikt og naturen er heilt idyllisk. Vi har sett opp ein kvilebenk i enden av vatnet.

Turtips 1: Gå vidare opp Nautadalen og du kjem til toppen av Nesheimshorgi (Høgahorgi) til Horgastølen, og kan gå ned til Bulko.

Turtips 2: Gå vidare ned til Nesheim via Grostøl.

Turtips 3: Gå svart løype opp Horgastien- svært bratt!

Alle turrutene er merka!

GOD TUR!

